Handlingsplan for Utdanningsforbundet Øygarden, årsmøteperioden 2023-2024

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

	Kva	Korleis	Kven
1. Utdanningsforbundet Øygarden skal vere ei sterk og solidarisk fagforeining.			
1.1 Organisasjons-bygging	Lokallaget skal arbeide med å byggja ein sterk organisasjon som skal fungera godt til beste for alle medlemmene, og støtta opp under og påverka medlemmene sitt fagforeiningsmedvit. Informasjon er ein viktig del av organisasjonsbygging. Lokallaget skal sikre at alle vert ivaretekne gjennom gode kommunikasjonskanalar til tillitsvalde og andre medlemmer. Lokallaget skal samarbeide med andre lokallag.	Kontakte/besøke arbeidsplassar utan AT eller kontaktperson, for å få på plass dette. Ha AT eller kontaktperson på alle arbeidsplassar med grunnlag for det. Ha jamnlege AT-samlingar, delta på klubbmøte, gje fagleg støtte til gjennomføring av klubbmøte. Gje god informasjon gjennom ulike kanalar: Nyheitsbrev til alle medlemmer, nettside, Facebook, AT-samlingar. Delta i nettverk Midthordland, arrangere felles kurs, skuleringar mm.	LLL, HTV og AU
1.2 Oppfølging av medlemsgrupper	Lokallaget skal arbeide for å følgje opp dei ulike medlemsgruppene og få til ei organisering som er tenleg for dei einskilde gruppene, både i privat og offentleg sektor. Lokallaget skal arbeide for at leiarråd og pensjonistråd er aktive og fungerer godt for medlemmane. Lokallaget skal halde kontakt med arbeidsplassar og medlem utan tillitsvald.	AT-samlingar delt for barnehage og skule. Ha jamleg kontakt med medlemsgrupper som t.d. FAS, VGO og SFO-leiarane. Arrangere medlemsmøte for pensjonistar.	LLL/ leiarmedlem og HTV Pensjonistkontakt/ pensjonistråd

1.3 Medlems-engasjement/ rekruttering	Lokallaget skal arbeide for å verve medlemmar og styrke engasjementet blant medlemmene. Det er viktig å informere og inspirere til arbeid i klubb og lokallag, og rekruttere tillitsvalde på alle arbeidsplassane der vi har medlemmar. Det skal skipast til medlemsmøte med aktuelle tema, både for heile medlemsmassen og for einskilde medlemsgrupper.	Dele ut informasjonsmateriell og profileringsmateriell. Arrangere medlemsmøte med fagleg innhald. Arrangere quiz-kveld for medlemmar. Jul- og påskekonkurranse. Skulering av nye tillitsvalde i klubbar. Invitere til styreseminar. Bruke sosiale media til å formidle informasjon og skape dialog og meir engasjement. Ta direkte kontakt med nye leiarar om medlemsskap.	AU LLL/HTV
1.4 Skulering/ kontakt med tillitsvalde på klubbnivå	Lokallaget skal: Arbeide for at kontakten mellom laget og dei tillitsvalde vert ivareteken på ein god måte. Arbeide for tenlege møteplassar og nettverk for dei ulike gruppene av tillitsvalde. Arbeide for å ha engasjerte og godt skulerte tillitsvalde, m.a. ved lokal kursing og oppfølging i møte for tillitsvalde.	AT-samlingar med informasjon, skulering og høve til spørsmål og erfaringsutveksling. E-post, nyheitsbrev. Delta i klubbmøte der det er ønskjeleg.	LLL/HTV

1.5 **Medråderett**	Lokallaget skal: I samarbeid med dei tillitsvalde, medverke til at lov- og avtaleverk vert følgd og medråderetten vert sikra i faste drøftingsmøte mellom partane på alle nivå. Arbeide for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde, tufta på gjensidig tillit og respekt.	Ta i bruk årshjulet saman med leiar. Gå gjennom årshjulet på AT-samling. AT-ane skal kunne ta kontakt om ting dei lurar på, men må og sjølv undersøke lov- og avtaleverk. Ha jamlege møter med arbeidsgjevar, med intensjon om godt samarbeid	LLL/HTV/TV
1.6 **Profesjonsetikk**	Lokallaget skal: Arbeide for at *Lærarprofesjonen si etiske plattform* skal bli kjend, og vere i bruk, i det daglege arbeidet til medlemmene våre. Medverke til felles forståing av kva yrkesrollene inneber, tydeleggjera det etiske ansvaret som er nedfelt i *Lærarprofesjonen si etiske plattform,* og støtte medlemmene og hjelpe dei til å handtere dei utfordringane dei møter i yrka.	Få AT-ane til å gjere *Lærarprofesjonen si etiske plattform* kjend på arbeidsplassen. Implementere *Lærarprofesjonen si etiske plattform* i årshjulet. Ha etiske spørsmål med som sak i AT-møte. Få AT-ane til å snakke om etiske spørsmål i klubben.	Styret og AU
2. Utdanningsforbundet Øygarden skal arbeida for gode løns- og arbeidsvilkår og gode arbeidstilhøve			

2.1 **Tariff og forhandlingar**	Lokallaget skal: Arbeide for at alle medlemmar har tariffavtale. Ha ein lønspolitikk basert på kollektive sentrale avtalar, og prioriteringar i lokale forhandlingar skal vere etter kjende, objektive kriterium. Arbeide for at formell kompetanse skal gje utteljing. Arbeide for å sikre alle medlemmane lønsutvikling over tid, og for ei lønsmessig utjamning mellom ulike medlemsgrupper med samanliknbare oppgåver og ansvarsområde	Gjere nye framstøyt mot dei private skulane og barnehagane. Kopla på fylkesstyre Vestland. Jobbe med å få lønspolitiskplan så konkret som råd. Arbeide for at ein får automatisk utteljing for vidareutdanning. Ha aktive innspel i tariffhøyringar til fylket og sentralt, også for pensjonistane.	LLL HTV Styret
2.2 **Arbeidstid**	Lokallaget skal: Arbeide for at gjeldande arbeidstidsavtalar vert følgd opp i praksis og at dei individuelle arbeidsplanane vert tufta på prinsipp etter drøftingar på den einskilde arbeidsplassen. Arbeide for at det er samsvar mellom medlemmane, si arbeidstid og det ansvar og dei arbeidsoppgåver dei er tillagt.	Tett kontakt mellom AT og HTV om individuelle arbeidsplanar, skuleårets lengde, årshjul, plantid for pedagogane i barnehage. Vere aktiv i samarbeid med kommune om drøfting av administrasjonsressurs, administrative spørsmål, satsingsområde mm.	HTV /AT
2.3 **Ressursar**	Lokallaget skal: Arbeide for gode ordningar for ressurs til tillitsvalde, både på arbeidsplassnivå og i lokallaget.	Få oversyn over dagens praksis og arbeide for å få frikjøpsressurs for dei tillitsvalde som ikkje har dette.	LLL, HTV

2.4 **Arbeidsmiljø**	Lokallaget skal: Arbeide for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø på den einskilde arbeidsplassen. Gje arbeidsplasstillitsvalde og verneombod råd i arbeidsmiljøspørsmål, slik at dei kan vere positive medspelarar på arbeidsplassen. Arbeide for at eksisterande system for varsling og avvik er kjende, og i bruk, på arbeidsplassane når det er trong for det.	Arbeide for at det skal vere tett kontakt mellom AT og HTV. Arbeide for at arbeidsgjevar på kommunenivå gir opplæring for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Krevje at arbeidsgjevar gir tilsette opplæring i system for varsling og avvik (Compilo).	LLL, HTV, AT
2.5 **Eit inkluderande arbeidsliv**	Lokallaget skal: Arbeide for ein god livsfaseorientert arbeidsgjevarpolitikk og medverka til at arbeidsmiljølova §1-1 vert følgd. Arbeide for at intensjonane i IA-avtalen vert følgd, og at kommunen si politikk på området vert kjend på arbeidsplassane.	Delta i arbeidet med livsfasepolitikk for dei tilsette i Øygarden kommune. Arbeide for at leiarar får tilstrekkeleg opplæring og støtte for å handsame livsfasepolitikken. Arbeide for at kommunen syt for at leiarane og tilsette vert godt kjent med IA-avtalen. Arbeide tett opp mot AT- barnehage i forhold til at barnehage er eit særskilt satsingsområde i IA-avtalen.	HTV
2.6 **Kompetanse**	Lokallaget skal: Arbeide for at arbeidsgjevar legg til rette for kompetanseutvikling, både når det gjeld fag, utviklingsarbeid, metodikk og leiing. Arbeide for at vikarar i skule og barnehage skal vera profesjonsutdanna.	Delta i evaluering i kompetanseplan. Delta i alle større utviklingsprosjekt innan barnehage og skule. Vere deltakar i alle kommunale tilsetjingsprosessar.	HTV

3. Utdanningsforbundet Øygarden skal engasjera seg i samfunns- og utdanningspolitikk			
3.1 Barnehage- og skulepolitikk; eit offentleg ansvar	Lokallaget skal: Engasjera seg i utviklingsarbeid og endring i planar i barnehage og skule og ha merksemd på innhaldet i opplæringsløpet Arbeide for at endringar som skjer i barnehagen, skulen eller i organisasjonsstrukturen i kommune eller fylket, skal føra til betre arbeidstilhøve for medlemmane. Arbeide for betre bemanningsnorm i alle barnehagane i kommunen. Engasjera seg i utdanningspolitikk sentralt og lokalt og tale på vegne av medlemmane. Arbeide for at skule- og barnehageeigar tek ansvar for å følgja opp pedagogiske og økonomiske rammer som gir høve til å gje eit tilbod som svarer til det einskilde barnet sine føresetnader. Arbeide for at medlemmar ikkje vert pådrivarar for undervisning som bryt med gratisprinsippet.	Setje oss inn i lokale planar. Etablere møtepunkt med politikarar og delta på politiske møte til dømes; politiske gruppemøte, budsjetthandsaming og synleggjere konsekvensar av nedskjering. Synleggjere konsekvensar for drift av barnehage og skule. Informere om barnehage- og skulepolitikk i kommunen på AT-samlingar. Markere *Barnehagedagen* og *Verdas lærardag.* Delta i offentleg debatt lokalt og tydeleggjera vår forståing av kvalitet i utdanninga.	LLL

3.2 **Påverknad**	Lokallaget skal: Gjennom tilgjengelege kanalar, driva aktiv påverknad slik at Utdanningsforbundet sine målsettingar vert synleggjort og ivaretekne. Dette gjeld t.d. saksområde som: - budsjettprosessar, profesjonsutvikling, metodefridom og metodeansvar, testing, dokumentasjon og satsingsområde.	Gje innspel til kommunen sine handlingsplanar og budsjett, og utfordre partia på partiprogramma deira, når det gjeld barnehage og skule. Halde fram arbeidet med å påverke og synleggjere kva pedagognorm og bemanningsnorm har å seie for læringsmiljø og dei tilsette sitt arbeidsmiljø	HTV og LLL